

Uskedalen i 71 grader Nord måndag

10.04.2010



Det var mykje folk på Sandakaien under intervjuet med kjendis-deltakarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**71 grader Nord er ein populær programserie i TV Norge og måndag kveld er kjendisutgåva av serien innom Uskedalen.**

**Dei 7 attverande deltakarane ror frå Sandakaien til Rosendal, der dei mellom anna duellerar i bogeskyting nedanfor ungdomsskulen.**



Programleiar Tom Stiansen og produsent Rune Biseth på Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Opptaka i Uskedalen og Rosendal vart gjort 4. september i fjor under framifrå vertilhøve, men då teamet kom hit hadde det hatt ein hard tørn over Folgefonna.

Programleiar og produsent også for denne serien er høvesvis Tom Stiansen og Rune Biseth og dei var som rimeleg kunne vera svært hemmelegheitsfulle overfor andre mediafolk av frykt for at vi skulle avsløra kven av dei 10 som hadde gått ut på vegen frå starten på Lindesnes. Men vi var lojale og hvis du har sett serien så langt veit du kven som har forsvunne undervegs til Uskedalen!

Stiansen og Biseth gjorde det under vitjinga i Uskedalen klårt at denne serien var noko snillare enn dei ordinære fordi alle kjendisane ikkje var i så god fysisk form som dei "ordinære" deltakarane. Og det er jo allereie demonstrert!

Ellers fekk ein inntrykk av at denne serien verkeleg krev sitt av produksjonsteamet både fysisk og ellers."Nordisk film & TV", som stiller med opptak-mannskapet, hadde 40 kvinner og menn til disposisjon under kjendis-serien og dei måtte i alle fall ha god kondisjon!

Av Ola Matti Mathisen